



Møteprotokoll

Utval	Kommunestyret
Møtestad	Rådhuset
Dato	19.03.2026
Tidspunkt	kl 10:30 - 15:30

Frammøtte	Parti
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Jonny Gjerde	AP
Kåre Hønsi	AP
Oddstein Haugen	AP
Svein Tore Heltne	AP
Vivian Kvam	AP
Geir Arne Kvam	AP
Britt Dagrunn Brugrand	H
Elisabeth Stokkenes	H
Geir Arve Sandvik	H
Jonatan Hurthi	Krf
Ole Martin Brennsæter	Krf
Andreas Wollnick Wiese	SP
Ann Kristin Sperle	SP
Einar Bolstad	SP
Knut Hauge	SP
Marianne Bugge	SP
Martha Boksasp Lerum	SP
Marthe Gjerde	SP
Olav Høyheim Einan	SP
Liv Endresen	SV

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Helene Selland	AP	Lars Jørgen Kjærvik	AP
Ernst Veum	FrP	Arne J Hauge	FrP
Magnar Bjørk	SP	Charlotte Alme Bringe	SP
Kjetil Melheim	V	Sandhya Karlsen Holene	V

Andre som møtte:

Synne Nes Veum og Eirik Hoem møtte og deltok i handsaming av sak 12 etter vedtak i habilitetsspørsmål.

Einar Bolstad fekk permisjon kl. 15.00 og deltok ikkje i handsaming av sak 21 og 22.

Jan Heggheim frå Musea i Sogn og Fjordane.
Kommunedirektør Jon Bolstad, politisk sekretariat v/Anita Bjørk Ruud.
Ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen i sak 22/26.
Kommunalsjef Oppvekst Knut Åge Teigen i sak 12/26.

Underskrifter:

Martha Boksasp Lerum

Svein Tore Heltne

Andreas Wollnick Wiese
ordfører

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
10/26	Konstituering av møte
11/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
12/26	Barnehage- og skuletilbodet i Solvorn krins
13/26	Forskrift om opningstider, sals- og skjenketider i Luster kommune
14/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030
15/26	2. gongs handsaming - Hestnes revisjon - PlanID 2024001
16/26	Vedtekter for ungdommen sitt kommunestyre, eventuell revisjon
17/26	Val av setjemedlemer etter innvilga permisjon til Anette Stegegjerdet Norberg
18/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Etablering av heilårleg oppleving- og transportbåt - Luster fjordhytter
19/26	Årsmelding kontrollutvalet 2025
20/26	Orienteringar, drøftingar og open post
21/26	Referatsaker
22/26	Etablering av turnhall på Vesterland

10/26 Konstituering av møte

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

- Opprop, 25 møtte.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste, med framlegg om handsaming av tilleggssak 22/26: Etablering av turnhall på Vesterland. *Ingen merknad*.
- Godkjenning av dagsorden, *ingen merknad*.
- Martha Boksasp Lerum og Svein Tore Heltne vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde*.

KOM - 10/26 vedtak

Saklista vart godkjend med tilleggssak 22/26 Etablering av turnhall på Vesterland. Martha Boksasp Lerum og Svein Tore Heltne vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

11/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

KOM - 11/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 5.2.26 vert referert utan merknader.

12/26 Barnehage- og skuletilbodet i Solvorn krins

Formannskapet sitt vedtak i sak 38/26:

Grunna saka sin kompleksitet sender formannskapet saka vidare til drøfting og realitetshandsaming i kommunestyret.

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Kommunestyret handsama habilitetsspørsmål frå Geir Arne Kvam og Vivian Kvam, far og søster til tilsett ved Solvorn oppvekstsenter. Geir Arne Kvam og Vivian Kvam gjekk frå i vurderinga av habilitetsspørsmålet. Kommunedirektøren informerte om forvaltningslova § 6 andre ledd: *“Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.”* Kommunestyret vedtok samrøystes, med heimel i forvaltningslova § 6 andre ledd, at dei er ugilde i saka.

Eirik Hoem og Synne Nes Veum møtte som vara i saka.

Ordførar informerte om at formannskapet ikkje har tilråding i saka ut frå vedtak i formannskapet i sak 28/26:

Grunna saka sin kompleksitet sender formannskapet saka vidare til drøfting og realitetshandsaming i kommunestyret.

SP, H, KrF og V, foreslått av Geir Arve Sandvik, Høyre

1. Kommunestyret vedtek å leggja ned Solvorn oppvekstsenter gjeldande frå skule- og barnehageåret 2026/27. Skuletilbodet for Solvorn krins vert lagt til Hafslo barne- og ungdomsskule, men eit barnehagetilbod vert vidareført i Solvorn.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren kome attende med sak om forskriftsendring av skulekrinsgrensene.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å greie ut korleis areal og bygningar ved dagens oppvekstsenter kan tene lokalsamfunnet vidare i tillegg til barnehage. Lokale lag og interessentar vert invitert til dialog.
Vurderingstema kan til dømes vera:
Samfunnshusfunksjon
Næringsutvikling
Bustadformål

Forslag frå Frp, Sv og AP, foreslått av Arne J Hauge, Framstegspartiet
Solvorn oppvekstsenter vert ikkje lagt ned, men oppretthalde som i dag.

Røysting:

Framlegget frå SP, H, Krf og V vart vedteke med 17 mot 8 røyster.

SP, H, Krf, V, frå AP: Kåre Hønsi og Synne Nes Veum.

Mindretalet røysta for framlegget frå AP, SV og Frp.

SV, Frp, frå AP: Gunn Beate T Lefdal, Oddstein Haugen, Svein Tore Heltne, Lars Jørgen Kjærvik, Eirik Hoem, Jonny Gjerde.

KOM - 12/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek å leggja ned Solvorn oppvekstsenter gjeldande frå skule- og barnehageåret 2026/27. Skuletilbodet for Solvorn krins vert lagt til Hafslo barne- og ungdomsskule, men eit barnehagetilbod vert vidareført i Solvorn.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren kome attende med sak om forskriftsendring av skulekrinsgrensene.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å greie ut korleis areal og bygningar ved dagens oppvekstsenter kan tene lokalsamfunnet vidare i tillegg til barnehage. Lokale lag og interessentar vert invitert til dialog.
Vurderingstema kan til dømes vera:
Samfunnshusfunksjon
Næringsutvikling
Bustadformål

13/26 Forskrift om opningstider, sals- og skjenketider i Luster kommune

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 13/26 vedtak

Kommunestyret vedtek forskrift om opningstider, sals- og skjenketider for alkohol i Luster kommune slik forskrifta ligg føre.

14/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Tilleggsutgreiing, foreslått av Ole Martin Brennsæter, Kristeleg folkeparti

Kommunestyret ber kommunedirektøren supplere handlingsplanen med ei særskilt utgreiing av problemstillinga knytt til alkoholsal i ubemanna butikker. Eventuelle forslag til revisjon og innskjerping av forskrift om opningstider, sal- og skjenkeløyve vert lagt fram for kommunestyret i løpet av 2026.

Formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg frå Ole Brennsæter vart samrøystes vedteken.

KOM - 14/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 – 2030* (alkh.lov §1-7 d).
2. Luster kommunestyre vedtek *Ruspolitiske retningslinjer* gjeldande frå 19.03.2026 – 19.03.2030.
3. Sals- og skjenkeløyve for verksemder som har generelt løyve vert vidareført til 19. mars 2030.
4. Tiltak vert vurderte i budsjett- og økonomiplansamanheng, samt at mål og strategiar må synleggjerast i tilgrensande planar ved rullering.

Kommunestyret ber kommunedirektøren supplere handlingsplanen med ei særskilt utgreiing av problemstillinga knytt til alkoholsal i ubemanna butikker. Eventuelle forslag til revisjon og innskjerping av forskrift om opningstider, sal- og skjenkeløyve vert lagt fram for kommunestyret i løpet av 2026.

15/26 2. gongs handsaming - Hestnes revisjon - PlanID 2024001

Plan- og forvaltningsutvalet si tilråding:

1. Plan- og forvaltningsutvalet stør kommunedirektøren sitt saksframlegg og sender planforslaget for Hestnes revisjon - planID 2024001 til kommunestyret for endeleg vedtak. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven § 12-12.
2. Endeleg vedtak kan ikkje gjerast før NVE si motsegn er trekt.
3. Reguleringsplanar som ny reguleringsplan får konsekvensar for blir oppheva. Desse er:
 - Hestnes - Endring leikeplass - planID 2012003
 - Hestnes - Felt E - planID 2007006
 - Hestnes - Felt D - planID 2005005
 - Hestnes grend C - utbyggingsplan - planID 2004005
 - Hestnes - grend A og B - utbyggingsplan - planID 199001
 - Hestneset - planID 1989001

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Sandhya Karlsen Holene tok opp habilitetsspørsmål. Ho gjekk frå som ugild under handsaming av saka i plan- og forvaltningsutvalet, og kommunestyret vedtok samrøystes at ho var ugild i handsaming av saka i kommunestyret, jf. forvaltningslova § 6 fyrste ledd.

Ordførar informerte om at motsegna frå NVE er trekt, og at pkt 2 i tilrådinga kan slettast i vedtaket. Punkt 1 kan også tilpassast til at kommunestyret vedtek planen.

Plan- og forvaltningsutvalet si tilråding, med tilpassingar som ordførar nemnde, vart samrøystes vedteken.

KOM - 15/26 vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vedtek kommunestyret planforslaget for Hestnes revisjon - planID 2024001.
2. Reguleringsplanar som ny reguleringsplan får konsekvensar for blir oppheva. Desse er:
 - Hestnes - Endring leikeplass - planID 2012003
 - Hestnes - Felt E - planID 2007006
 - Hestnes - Felt D - planID 2005005
 - Hestnes grend C - utbyggingsplan - planID 2004005
 - Hestnes - grend A og B - utbyggingsplan - planID 199001
 - Hestneset - planID 1989001

16/26 Vedtekter for ungdommen sitt kommunestyre, eventuell revisjon

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 16/26 vedtak

Kommunestyret endrar vedtekter for Ungdommen sitt kommunestyret i punkt 4.

Leiar i ungdommen sitt kommunestyre vert endra til ordførar i ungdommen sitt kommunestyre.

Nestleiar i ungdommen sitt kommunestyre vert endra til varaordførar i ungdommen sitt kommunestyre.

I daglegtalet kan dei omtalast som ung ordførar og ung varaordførar.

17/26 Val av setjemedlemer etter innvilga permisjon til Anette Stegegjerdet Norberg

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Ap sine framlegg på personval, også tilrådd av formannskapet, vart samrøystes vedteke.

KOM - 17/26 vedtak

Kommunestyret vel følgjande settemedlemer i verva til Anette Stegegjerdet Norberg, så lenge ho har permisjon:

Plan- og forvaltningsutvalet:

Jonny Gjerde vert vald som medlem.

Svein Tore Heltne vert vald som nestleiar.

Samarbeidsutvalet ved Gaupne barnehage

Kåre Hønsi vert vald som medlem.

Gunn Beate Thorsnes Lefdal vert vald som varamedlem.

Sognarådet IPR:

Liv Endresen vert vald som representant.

Helene Selland vert vald som personleg vararepresentant.

Varamedlemer i formannskapet:

Svein Tore Heltne rykker opp som andre vara.

Jonny Gjerde rykker opp som tredje vara.

Helene Selland rykker opp som fjerde vara.

Geir Arne Kvam vert vald som femte vara.

18/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Etablering av heilårleg oppleving- og transportbåt - Luster fjordhytter

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - 18/26 vedtak

Kommunestyret gjev Luster Fjordhytter ved Øystein Magnus Grødem Tveit eit næringslån i næringsfondet stort kr 950 000. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

19/26 Årsmelding kontrollutvalet 2025

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Leiar i kontrollutvalet, Vivian Kvam informerte om årsmeldinga og kontrollutvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - 19/26 vedtak

Kommunestyret tek årsmeldinga 2025 frå kontrollutvalet til orientering.

20/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

I starten av møtet informerte Jan Heggheim frå Musea i Sogn og Fjordane. Presentasjonen vert lagt ved saka.

Orientering ordførar:

- *Bassenget i Jostedal, oppfølging av investeringsbudsjettet. Sandfilter vert innkjøpt.*
- *Kommunen har i dag 19.03 oppstartsmøte med NVE om flomsikring i Gaupne.*

Open post:

Leiar i kontrollutvalet, Vivian Kvam informerte om tilråding frå kontrollutvalet i sak 2/26: "Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret om å sjå til at det umiddelbart vert utarbeida oppdaterte retningslinjer for varsling for Luster kommune, og samstundes gjer eventuelle naudsynte endringar i kommunen sitt delegasjonsreglement. Kontrollutvalet understrekar at oppdaterte retningslinjer for varsling bør innehalde omtale av korleis varsel mot administrasjonen sin øvste leiar skal handsamast."

Ordførar orienterte om at kommunen har akkurat vedteke prosedyre for vedlikehald av kvalitetssystemet. Føremålet er å sikre dokumentstyring, dvs. styring av utarbeiding, godkjenning, tilgjenge, oppdatering og arkivering av styrande dokumentasjon slik at naudsynt informasjon er tilgjengeleg når ein treng det, samt at internkontrollen i kommunane vert etterlevd med heimel i kommunelova §25-1

Ordførar har vore i dialog med kommunedirektøren og fått forsikringar om at arbeidet som kontrollutvalet ber om vert prioritert. Vidare har administrasjonen varsla gjennomgang og oppdatering av organisasjonskart og fullmaktsstrukturar. Dette er eit arbeid som tek noko tid av di det krev ulike interne prosessar og kapasitet. Kommunedirektør har sagt han vil rapportere frå arbeidet til formannskapet.

Leiar i kontrollutvalet, Vivian Kvam informerte også om påstand om ulovleg budsjettvedtak i kommunestyret i desember.

Då kommunestyret vedtok budsjettet var ikkje det endelege vedteke budsjettet på Stortinget klart. Kommunestyret hadde oppdaterte tal ut frå opplysningane me hadde på det tidspunktet. Formannskapet hadde fullmakt til å fullføre budsjettet med dei endelege tala. Det gjorde formannskapet i sak 3/26 og saka vart sendt Statsforvaltar innan rett tid. Så langt kontrollutvalet er kome til er vedtaket kommunestyret gjorde i desember eit lovleg vedtak.

Geir Arve Sandvik informerte om formannskapet si oppmoding om å få tidlegbrøyting på Sognefjellsvegen. Er det hold i rykte om at Vegvesenet vil opne vegen 1. april?

Ordførar svara at det har vore samtalar med fylkesvegsjefane og dei ville ha kontakt med villreinnemnda og ekspertar på villrein før dei tek avgjerd. Ordførar reknar med at me får snarleg tilbakemelding.

Arne J Hauge informerte om at han er vald inn i villreinnemnda. Villreinnemnda har konkludert med at med snøforholda som er i år er ikkje barrieren for villreinen med brøytekanter så stor. I vinter står villreinen i Berdalen, og har gått mot Soleitinden tidlegare i vinter. Det vil vere kritisk å opne Tindevegen. I år har ikkje me dei store innvendingane mot å opne Sognefjellsvegen, men det kan ikkje vere ei ordning som blir fast. Me må stå opp for villreinen og gje han så mykje fred som mogleg.

Jonny Gjerde viste til at me går mot sommar og mykje folk på Skjolden med cruisetrafikk og anna trafikk.

Han spurde om logistikk og infrastruktur, stor pågang på toalett på Vassbakken. Det er sett av midlar i budsjettet. Blir det gjort noko der? I Skjolden sentrum har Skjolden cruise investert i toalettløysing.

Elles viste Gjerde til stor trafikk med steinkøyring til Statnett sin trafo i Fortun og bubilar og manglande gangveg mellom Skjolden og Fortun. Er det planar for trafikktryggleiken der?

Kommunedirektør svara at det har vore dialog med grunneigar av areal på Vassbakken men ein er ikkje i mål grunna kostnader. Det har også vore møte med eigarar av Vassbakken kro og camping om samarbeidsløysing for toalett. Det er planlagt oppfølgande møte. Ikkje realistisk med anna enn midlertidig løysing i 2026.

Trafikktryggleik: Det ligg føre regulering for ein gangsti langs Eidsvatnet. Stien kan være kandidat for spelemidlar. Luster kommune har også sendt brev til Statnett (sendt 18.3) om behov for møte for å få oppdatert status for planar for massetransport i området.

KOM - 20/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

21/26 Referatsaker

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Ordførar informerte om kommunen sitt brev med innspel til ruteendring 2026, og brevet vart vist i møtet.

Kommunestyret hadde positive tilbakemeldingar til innspela og det vart oppmoda om at Sognerådet kan jobbe i lag med denne saka.

KOM - 21/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

22/26 Etablering av turnhall på Vesterland

Formannskapet si tilråding frå handsaming den 19.03.26:

1. Luster kommune gjev 5 % av godkjent kostnadsgrunnlag i spelemiddelsaka, inntil kr 2 000 000,- i investeringstilskot til etablering av turnhall på Kaupanger i regi av Sogndal Turnforeining.
2. Investeringsstøtta vert gjeve med vilkår at anlegget vert fullfinansiert og får ein godkjend spelemiddelsøknad.
3. Finansiering av investeringsstøtta vert lagt inn halvårsrapporten, finansiert med 1 mill.kr frå disposisjonsfondet og 1 mill.kr frå næringsfondet

Kommunestyret 19.03.2026

Handsaming

Administrasjonen viste ein presentasjon og informerte i møtet.

Fellesframlegg i møtet, fremja av Geir Arve Sandvik:

Luster kommunestyre sender saka tilbake til Sogndal turnforening og ber om at dei involverer idretten i Luster.

Me ber også om at de ser på kommunal finansiering ut frå kommunestorleik og medlemstal i turnforeningen.

Luster kommune treng meir tid til å vurdere saka og ynskjer råd frå idretten i Luster.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

KOM - 22/26 vedtak

Luster kommunestyre sender saka tilbake til Sogndal turnforening og ber om at dei involverer idretten i Luster.

Me ber også om at de ser på kommunal finansiering ut frå kommunestorleik og medlemstal i turnforeningen.

Luster kommune treng meir tid til å vurdere saka og ynskjer råd frå idretten i Luster.